

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av Krf, MDG og V fram slikt forslag:

«Endring:

Pkt 24 "Forvaltningsrevisjon av verknader av korona-epedemien for opplæring av sårbare grupper" byter prioritet med pkt 13; Forvaltningsrevisjon av skulebygg". Frå gruppe 2; uprioriterte forvaltningsprosjekt, blir "Forvaltningsrevisjon av samhandling på tvers" prioritert inn i gruppe 1.»

Frank Willy Djuvik (Frp) sette fram slikt forslag:

«Endring:

Forvaltningsrevisjon av innkjøp vert prioritert som prosjekt nummer 5, prosjektlista vert tilsvarande flytta nedover i prioritet.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag fekk 18 røyster (Krf, MDG, V, SV, FNB og R) og fall.

Djuvik sitt forslag fekk 17 røyster (Frp, FNB, V, R, UA og PP) og fall.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Vestland fylkeskommune vert vedteken slik den ligg føre, men med at prosjekt nr. 6 vert flytta opp til nr. 1.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
3. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafør dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til fylkestinget etter kvart.